



Saksbehandlar: Statens vegvesen/Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 16/430-2

## **Tildeling av Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - TIK-midlar 2016**

### **Fylkesdirektøren rår FTU til å gjere slikt vedtak:**

1. Tildeling tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2016:

<b>Nr.</b>	<b>Kommune</b>	<b>Tilskot kr.</b>
1	Askvoll kommune	570 000.-
4	Bremanger kommune	408 000.-
6	Fjaler kommune	170 400.-
7	Flora kommune	444 000.-
8	Førde kommune	500 000.-
9	Gauldal kommune	146 000.-
10	Gloppen kommune	306 000.-
12	Hornindal kommune	18 750.-
14	Høyanger kommune	282 000.-
15	Jølster kommune	267 000.-
17	Luster kommune	130 051.-
18	Lærdal kommune	229 500.-
19	Naustdal kommune	350 000.-
20	Selje kommune	360 000.-
21	Sogndal kommune	177 000.-
22	Solund kommune	196 980.-
23	Stryn kommune	0.-
24	Vik kommune	42 000.-
25	Vågsøy kommune	0.-
26	Årdal kommune	402 319.-
	<b>SUM</b>	<b>5 000 000.-</b>

2. Vilkår for tildeling:

Tiltak som får løvning av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2016, skal ferdigmeldast 30. november 2016. Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen. Jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».

**Vedlegg:**

1. Prosjektark (kort framstilling av søknaden, kommentarar, m.m.)
2. Instruks for forvaltning av trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar)

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

1. Søknadane frå kommunane
2. Detaljoversikt for tiltak / innstilling tilskot (excel-ark)

**SAKSFRAMSTILLING****1. Bakgrunn****Bakgrunn for at saka er reist**

Vegtrafikklova § 40 A pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har løvt 5,0 mill. kroner til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «*Trafikktryggingstiltak i kommunane*» (såkalla TIK-midlar) for 2016.

Statens vegvesen orienterte i brev av 15.10.2015, kommunane om høve til å søkja på TIK-midlar 2016. Søknadsfristen var 20. november 2015.

**2. Saksopplysningar****Mandat**

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av TIK-midlane til kommunane. Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke imot søknadene.

**Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin «*Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane*», er lagt til grunn ved innstilling. Instruksen punkt 1. Formål med og målgruppe for ordninga seier følgjande:

«Det er føresett at midlane i hovudsak skal nyttast til trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale veger i samband med skuleveg og i nærmiljøet der barn ferdast. I spesielle tilfelle kan midlane, dersom kommunen sjølv ønskjer det, også brukast til tiltak langs riksveg. For slike tiltak vert i utgangspunktet kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald.»

**Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke ein fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2014-2017. Planen vart vedteken i 2013.

Handlingsplan del II-4 «*Totaloversyn over aktiviteten*» syner eit samla oversyn over innsatsen innan trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane. I planen på side 35 punkt B er det lista opp diverse fysiske tiltak med tanke på innsats. Av desse tiltaka er følgjande relevante i samband med tildeling av TIK-midlar:

- Punkt B.4.2: Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vinar.
- Punkt B.4.4: Auka bruk av redusert fartsgrense ved skular, bustadfelt og i sentrum av tettstader/byar. Differensiert bruk av 30, 40 og 50 km/t.

- Punkt B.4.5: Trygg utforming av trafikkområda ved skular.
- Punkt B.5.1: Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.
- Punkt D.1.1: Påverke ved informasjon/rettleiing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar – få dette inn som ein løpende aktivitet.

### Søknader – type tiltak

I alt har 20 kommunar søkt om TIK-midlar 2016. Samla søknadssum er kr. 11 920 497,- fordelt på 51 tiltak. Søknadane/tiltaka fordeler seg slik:

- 19 stk. søknader gjeld veglysanlegg
- 5 stk. søknader gjeld fartsdempande tiltak
- 5 stk. søknader gjeld anlegg for av-/på-stiging buss og/eller tiltak ved skuleområde
- 4 stk. søknader gjeld vegrekker/sikring
- 4 stk. søknader gjeld anlegg for gående/syklande (fortau og gang/sykkelveg)
- 1 stk. søknad gjeld veglysanlegg kombinert med fartsdempande tiltak
- 4 stk. søknader gjeld planarbeid
- 9 stk. søknader gjeld andre tiltak

### Tiltak – vurdering av trafikktryggleiksgevinst

Nedanfor er det sitatert/klypt ut frå Statens vegvesen sine handbøker, samt frå Trafikktryggleiksbona (TØI), som opplyser noko om pårekneleg trafikktryggleikseffekt for ulike typar fysiske tiltak, slike som det her er søkt om tilskot til. Dette gjeld veglysanlegg, rekkverk, o.s.v. Desse sitata/utklyppa vert det vidare vist til i kommentarane til den einskilde søknad, slik dei er lista opp nedanfor under punkt 2.8 Oppstilling, - då nemnt som NOTE 1, NOTE 2, o.s.v. Vi har også vist til aktuelt punkt i fylkeskommunal trafikktryggingsplan - satsingsområde fysiske tiltak», jf. punkt 2.3 ovanfor, - der slikt relevant punkt finns.

#### Generelt om veglysanlegg m.o.t. trafikk sikkerheit (NOTE 1):

Statens vegvesen si handbok N100 og V124:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke.»

«Veg og gatebelysning har ett hovedmål: Trafikk sikkerhet. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser viser at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

Trafikk sikkerheitshåndboken (TØI):

Side 183: «Ca 35 % av alle politirapporterte personskadeulykker skjer i tussmørke eller mørke.»

Side 183: «Andelen mørkeulykker er høyest for fotgjengerulykker og utforkjøringsulykker.»

Side 184, tabell

1.18.1:

Tabell 1.18.1: Virkninger på ulykkene av vegbelysning. Prosent endring av ulykkestall.

Ulykkens alvorlighetsgrad	Ulykkestyper som påvirkes	Prosent endring av antall ulykker	
		Beste anslag	Usikkerhet i virkning
Ulykker i mørke på alle typer veg			
Dødsulykker	Alle ulykker	-60	(-62; -57)
Personskadeulykker	Alle ulykker <sup>1</sup>	-14	(-23; -4)
Materiellskadeulykker	Alle ulykker	-16	(-23; -10)

#### Generelt om fartsdempande tiltak m.o.t. trafikktryggleik (NOTE 2):

Statens vegvesen si handbok V128:

«Hensikten med fartsdempende tiltak er i første rekke å bedre trafikk sikkerhet og trivsel, og da særlig for gående og syklende i tettbygde områder. Erfaring har vist at skilting av fartsgrenser

ofte ikke har tilstrekkelig virkning. Ytterligere fartsdempende tiltak tar sikte på å sikre at de fastsatte fartsgrensene overholdes.»

### Trafikksikkerheitshandboka (TØI):

Side 299, tabell 3.12.1:

*Tabell 3.12.1: Virkninger på ulykkene av fysisk fartsregulering. Prosent endring av antall ulykker*

Ulykkens alvorlighetsgrad	Ulykkestyper som påvirkes	Prosent endring av antall ulykker	
		Beste anslag	Usikkerhet i virkning
<i>Humper - virkning i veger med humper</i>			
Personskadeulykker	Alle ulykker	-41	(-57; -34)

### Generelt om vegrekkverk/sikring m.o.t. trafikktryggleik (NOTE 3):

Trafikksikkerheitshandboka (TØI):

«Rekkverk skal redusere skadegraden når en ulykke forekommer.»

Tabell 1.15.2:

*Tabell 1.15.2: Virkninger på skadegradi i ulykker av stålrekkeverk langs veggkanten. Prosent endring av sannsynlighet for å bli drept eller skadet dersom man er innblandet i en ulykke.*

Ulykkens alvorlighetsgrad	Ulykkestyper som påvirkes	Prosent endring av antall ulykker	
		Beste anslag	Usikkerhet i virkning
Drept i ulykke	Alle ulykker	-43	(-90; +221)
Skadd i ulykke	Alle ulykker	-48	(-76; +14)

### Tildeling

I innstillinga er det gjort framlegg om tildeling av heile løyvinga på 5 mill. kr.

Ved innstilling er følgjande lagt til grunn:

- Tiltak må stetta krava for tilskot
- Effekt trafikktryggleik av tiltaket
- Sum av tildelt tilskot dei siste 5 åra
- Totalkostnad for tiltaket
- Storleik kommunen

Det varierer mykje kor store tilskot TIK-midlar (tidlegare Aksjon Skuleveg-midlar) dei einskilde kommunane i fylket har motteke dei siste åra. Tilskota dei 5 siste tildelingsåra for den einskilde kommune går fram av oppstillinga nedanfor. Ulikskapen i tilskot kan skuldast både at kommunane har ulik praksis med tanke på årlege søknader kontra meir sporadiske søknader, og om tiltaket det vert søkt om stettar formålet i gjeldande instruks, eller ikkje.

Også kommunen sin storleik (folketal) vert vektlagt ved elles nokså «likeverdige» tiltak. Større kommunar har fleire skuleborn og truleg fleire/lengre skulevegar å sikre. Og TIK-ordninga er då også retta særskilt mot skulebarn, jf. både gjeldande instruk, - og tidlegare nemning «Aksjon Skuleveg».

At flest mogeleg kommunar får ta del i ordninga, er òg med i vurderinga. Dette fordi vi trur at TIK-tilskot er viktig for at kommunane skal oppretthalde fokus på trafikktryggingsarbeidet sitt.

Fra 2014 vart tilskotsandelen auka til inntil 75 pst. Men då ramma for løyving til tilskotsordning held same nivået som tidlegare, har ein for det meste lagt 60 %, eller lågare til grunn. Det er også kommunar som har søkt om 50 % tilskot.

### **3. Vurdering av innkomne søknader:**

(X=ingen søknad/ingen tildeling. Gjeld linja som syner motteke tilskot siste 5 åra.)

<i>1. Askvoll kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Veglysanlegg Askvoll skule – Strømsbrua mot fv. 361:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i>	950 000,-	570 000,-
2. <b>Veglys Rivedal</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Redusert løyving. Askvoll kommune har bra utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.	450 000,-	0,-
Tildelingar Askvoll kommune siste 5 år: x-x-98000-390000-390000=kr. 878 000,-		
<i>4. Bremanger kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Utviding av fortau Elvabakken, fv. 614:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.2: «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.»	680 000,-	408 000,-
Tildelingar Bremanger kommune siste 5 år: 114000-90000-150000-213000-240000= kr. 807 000,-		
<i>6. Fjaler kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Gatelys frå Flekke skule mot Haugland:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Redusert løyving. Fjaler kommune har forholdsvis høg utteljing på TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.	766 500,-	0,-
2. <b>Gatelys Øvre Hatledalen:</b> <i>Sjå punkt 2.5 NOTE 1.</i> Begrensa løyving. Fjaler kommune har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.	508 000,-	0,-
3. <b>Gatelys Longehaugen-Bjergelia</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Mørk «sambindingsveg» mellom bustadområder.	284 000,-	170 400,-
Tildelingar Fjaler kommune siste 5 år: x-445000-282000-228000-50000=kr. 1005 600,-		
<i>7. Flora kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Intensivbelysning kryssingspkt. skular/barnehagar:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Høg kostnad. Usikker på om bruk/antall kryssande står i forhold til kostnaden. Redusert løyving. Kommunen har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra, også i høve til folketalet.	1 098 750,-	0,-
2. <b>Etabl. fartshumpar 30 km/t-soner skular og barnehagar:</b> <i>Sjå NOTE 2.</i> Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»	371 000,- 222 600,-	
3. <b>Etablering av ny av-/på-stiging ved Flora barneskule:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»	369 000,-	221 400,-
Tildelingar Flora kommune siste 5 år: 210000-150000-499000-333000-666500= kr. 1858 500,-		

<u>8. Førde kommune:</u>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Veglys Runnene:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Kommunen har søkt om 50 % tilskot.	600 000,-	300 000,-
<b>2. Veglys Kyrkjevegen:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Kommunen har søkt om 50 % tilskot.	300 000,-	150 000,-
<b>3. Intensivbelysning gangfelt Flatane-Øvre Kleivane:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Kommunen har søkt om 50 % tilskot.	100 000,-	50 000,-

Tildelingar Førde kommune siste 5 år: 420000-150000-480000-210000-450000=kr. 1710 000,-

<u>9. Gaula kommune:</u>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Utarbeiding og gjennomfør. skiltplan Sande sentrum:</b> Vegvesenet er skiltmyndighet, og tek planlegging og kostnader ved skiltoppsett på rv. og fv. Tiltaket lite «spissa» mot skuleborn/skuleveg. Redusert løvving. Kommunen har bra utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketetalet.	500 000,-	0,-
<b>2. Veglys langs E39 på Myrmel:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Vegvesenet vil truleg kunne godkjenne vegbelysning her, med krav om at veglysanlegget utførast i samsvar med gjeldande handbøker. Gaula kommune vil vere eigar av belysninga og ansvarleg for drift og vedlikehald. Det er ikkje uvanleg at det er kommunane som kostar veglysanlegg langs riksveg. Som det går fram av søknaden så har det allereie vore dialog mellom kommunen og vegvesenet i saka. Gjeld 10 stk. lampepunkt/ca 400 m veg.	209 000,-	146 000,-

Tildelingar Gaula kommune siste 5 år: x-300000-x-195000-309000=kr. 804 000,-

<u>10. Gloppen kommune:</u>	<i>Kostnad</i>
<i>Tilskot</i>	
<b>1. Ny trafikktryggingsplan Gloppen kom. – planarbeid:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/rettleiing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar – få dette inn som ein laupande aktivitet.» Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».	150 000,-
<b>2. Veglys/fartshump. strekn. Vereide-Apalset bustadfelt:</b> <i>Sjå NOTE 1 og NOTE 2.</i>	360 000,-

Tildelingar Gloppen kommune siste 5 år: 114000-120000-x-500000-90000=kr. 824 000,-

<u>12. Hornindal kommune:</u>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Fartshump Kyrkjhornsbaakkane bustadfelt:</b> Sjå punkt 2.5 NOTE 2.	31 250,-	18 750,-

Tildelingar Hornindal kommune siste 5 år: x-90000-x-x-x=kr. 90 000,-

<u>14. Høyanger kommune:</u>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Oppmerk./skilt/fartsdemp. skular/barneh. Høy.kom:</b> <i>Sjå NOTE 2.</i> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»	290 000,-	174 000,-
<b>2. Sikringsgjerde mot Daleelva i Høyanger sentrum:</b> 108 000,- Sikring av (mjuke) trafikantar mot stup, vatn, m.m. er i	180 000,-	

samsvar med normalar.

Tildelingar Høyanger kommune siste 5 år: x-x-90000-132000-x=kr. 222 000,-

<u>15. Jølster kommune:</u>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Rekkverk langs kommunale vgar:</b> 0,- <i>Sjå NOTE 2.</i> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vgar.» Redusert løyving.	132 000,-	
<b>2. Veglys langs kommunale vgar:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i>	160 000,-	75 000,-
<b>3. Gangveg og veglys langs fv. 454:</b> <i>Sjå NOTE 1 og NOTE 2.</i> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt. B.4.2: «Arbeida for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vgar.» Redusert løyving.	700 000,-	0,-
<b>4. Rekkverk langs kommunale vgar:</b> 0,- <i>Sjå punkt 2.5 NOTE 3.</i> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vgar.» Redusert løyving.	310 000,-	
<b>5. Rekkverk langs kommunale vgar (brurekkverk):</b> 0,- <i>Sjå NOTE 3.</i> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vgar.» Redusert løyving.	392 000,-	
<b>6. Fartshumper kommunal veg:</b> <i>Sjå NOTE 2.</i>	120 000,-	72 000,-
<b>7. Tilkomst og trafikkavvikling Skei skule – planarbeid:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.» <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/ rettleiing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.» Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».	200 000,-	120 000,-
Tildelingar Jølster kommune siste 5 år: x-60000-150000-150000-300000=kr. 660 000,-		
<u>17. Luster kommune:</u>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Etablering av fortau/plattform busslomme Hestnes:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4: «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»)	87 924,-	52 754,-
<b>2. Oppstramming kryss ved bensinstasjon Hestnes:</b> Tiltaket meiner vi vil bidra til tryggare forhold både for mjuke trafikantar og køyretøy.	78 829,-	47 297,-
<b>3. Heva gangfelt fv. 337 Vegaskjelet:</b> Vegvesenet har tidlegare avslege søknad om tiltaket.	75 797,-	0,-
<b>4. Etablering av gangfelt kommuneveg Hafslø sentrum:</b>	6 064,-	0,-

*Trafikksikkerhetshåndboken (TØI): «Tiltak som ikkje har statistisk pålitelige virknings. På antall ulykker omfatter ...., gangfelt på 2-felts veger utan supplerende tiltak, .... Gangfelt er først og fremst eit framkommeleghetsstiltak for mjuke trafikantar, ikkje eit trafikksikkerheitstiltak.»*

- 5. Etablering av gangfelt Dale sentrum:** 6 064,- 0,-  
Vegvesenet har tidlegare avsleger søknad om tiltaket.
- 6. Utarbeidning plan uteområde Gaupne skule** 50 000,-  
30 000,-  
*Fylkeskommunal handlingsplan* punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»  
*Fylkeskommunal handlingsplan* punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/ rettleiding til utarbeidning og revisjon av kommunale trafikktryggingssplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.» Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».

Tildelingar Luster kommune siste 5 år: 248000-260000-344000-160250-374000=kr. 1386 250,-

<i>18. Lærdal kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Snuplass for buss Steinklepp:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»	250 000,-	187 500
<b>2. Fartsdemparar Telthusvegen/Bergo:</b> Sjå NOTE 2.	60 000,-	36 000,-
<b>3. Diverse skilt:</b> Skilting «Varelevering til skulen» meiner vi er i samsvar med <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge». Tiltrå tilskot.	10 000,-	6 000,-

Tildelingar Lærdal kommune siste 5 år: x-x-81000-102000-x=kr. 183 000,-

<i>19. Naustdal kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Fortau ved Naustdal kommune:</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.»	1 620 000,-	350 000,-

Tildelingar Naustdal kommune siste 5 år: 84000-x-99000-x-650000=kr. 833 000,-

<i>20. Selje kommune:</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
<b>1. Opparbeidning P-plass Flatraket skule</b> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»	600 000,-	360 000,-
<b>2. Asfaltering av gang-/sykkelveg/fortau:</b> 100 000.- 0.- Tiltaket med legging av fast dekke bidreg truleg i liten grad til auka bruk av g/s-vegen, i staden for køyrevegen. Redusert løvning. Kommunen har god utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketetalet.	100 000.-	0.-

Tildelingar Selje kommune siste 5 år: 300000-x-625000-208000-36000=kr. 1 169 000,-



<u>21. Sogndal kommune:</u>	<u>Kostnad</u>	<u>Tilskot</u>
<b>1. Forbetre av-/påstignig skulebuss Fjærland skule:</b> 87 000,- Gjeld sikring av snuplass som vert brukt i samband med skuleskyss. <i>Sjå NOTE 3.</i> <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikk-områda ved skular.» Tiltaket er på fv. 152. Kommunen har opplyst pr. telefon at i dag stig skuleborna an bussen (frå Fjærland sentrum) på høgre sida ved fv., og må kryssa over denne. Dette fordi ein meiner snuplassen for bussen er uthygg. Ved å utbetre snuplassen (gjere den trygg å snu på), kan bussen snu først, og så køyre attende til skulen og sleppe av borna på «rett» side av vegen, slik at dei slepp å krysse fv. Sikring av snuplassen vil og hindra utforkøyrlingsulukke.	145 000,-	
<b>2. Veglys gangvegar mellom Rutlin og Kvåle skule:</b> <i>Sjå punkt 2.5 NOTE 1.</i> Veglysanlegget gjeld m.a. kryssing av fv. 211. Veglysanlegget vil truleg bidra til at gangveg vert meir attraktiv å bruka framfor bilvegar.	150 000,-	90 000,-
<b>3. Veglys Vestrheim-Skogavegen:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Begrensa løvning. Kommunen har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.	155 000,-	0,-
Tildelingar Sogndal kommune siste 5 år: 583000-628000-299000-220200-x=kr. 1 730 200,-		
<u>22. Solund kommune:</u>	<u>Kostnad</u>	<u>Tilskot</u>
<b>1. Veglys Storehaugen:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i>	235 632,-	141 379,-
<b>2. Veglys Leknessund/Leknesøyna:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i>	92 669,-	55 601,-
<b>3. Sikring privat avkørsle-fv. 606 i Nessa:</b> Gjeld avkørsle frå 1 stk. bustadhus. Etter vegloven er det avkørsleigar sitt ansvar å oppretthalde tilfredsstillande siktilhøve i eiga avkørsla.  (Det er ikkje registrert ulukker med personskade på staden dei siste 10 åra. Årsdøgntrafikk 200 køyretøy. Tiltaket vil såleis koma få brukarar til «nytte». Sikta kan gjerast monaleg betre med relativt små midlar.)	60 000,-	0,-
<b>4. Veglys Sponvika:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Begrensa løvning. Kommunen har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet. I følge <a href="http://www.fylkesatlas.no">www.fylkesatlas.no</a> er det 1 stk. skuleelever med kommunalt skyssvedtak som soknar til busstoppen. )	107 600,-	0,-
Tildelingar Solund kommune siste 5 år: 312000-228000-169900-345000-x=kr. 1 054 900,-		
<u>23. Stryn kommune:</u>	<u>Kostnad</u>	<u>Tilskot</u>
<b>1. Veglys ved Sagedammen, langs fv. 698:</b> <i>Sjå NOTE 1.</i> Vurderer TS-effekten som mindre, vurdert opp mot andre veglyssøknader. Begrensa løvning. Kommunen har ei rimeleg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.	300 000,-	0,-
Tildelingar Stryn kommune siste 5 år: 324000-384000-42000-120000-564000=kr. 1 434 000,-		

<i>24. Vik kommune:</i>		<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Heva gangfelt rv. 13 ved Flatbygdi skule:</b>		66 000,-	0,-
<i>Sjå NOTE 2.</i> Det bør utførast fartsmålingar for å fastslå dagens fartsnivå, - og behovet for fartsdempande tiltak.			
2. <b>Spegel og rekkskilt fv. 183 ved Synet i Fresvik:</b>		70 000,-	42 000,-
<i>Sjå NOTE 3.</i> Spegel i sving/avkjørsle er ikke vurdert som trafikk-sikkerheitstiltak. Tilskot kun til rekkskiltet.			
3. <b>Fartshumper 3 stk. fv. 92 i Vik-Flatbygdi:</b>		66 000,-	0,-
<i>Sjå NOTE 2.</i> Det bør utførast fartsmålingar for å fastslå dagens fartsnivå, - og behovet for fartsdempande tiltak.			

Tildelingar Vik kommune siste 5 år: 72000-90000-182000-600000-39600=kr. 983 600,-

<i>25. Vågsøy kommune:</i>		<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Ny veg mellom gate 6A og Idrettsveien:</b>		4 000 000,-	0,-

Tiltaket lite «spissa» i høve til formålet med TIK-ordninga.  
Trafikktryggleiksgevinsten er usikker. Høg kostnad.

Tildelingar Vågsøy kommune siste 5 år: 120000-x-300000-284700-39600=kr. 956 700,-

<i>26. Årdal kommune:</i>		<i>Kostnad</i>	<i>Tilskot</i>
1. <b>Utskifting gatelys Strandv.-Øvstetunv.-Farnesv.:</b>		721 000,-	402 319,-

Tildelingar Årdal kommune siste 5 år: 405000-538000-364500-247650-x=kr. 983 600,-

#### **4. Konklusjon**

På bakgrunn av gjennomgangen ovanfor, gjer Statens vegvesen framlegg om følgjande tildeling TIK-midlar 2016:

<b>Nr.</b>	<b>Kommune</b>	<b>Søknad tilskot TIK-midlar</b>	<b>Tilskot TIK- midlar: (kr.)</b>
1	Askvoll kommune	1 050 000.-	570 000.-
4	Bremanger kommune	408 000.-	408 000.-
6	Fjaler kommune	1 124 000.-	170 400.-
7	Flora kommune	1 379 063.-	444 000.-
8	Førde kommune	500 000.-	500 000.-
9	Gauldal kommune	496 000.-	146 000.-
10	Gloppen kommune	382 000.-	306 000.-
12	Hornindal kommune	23 500.-	18 750.-
14	Høyanger kommune	335 000.-	282 000.-
15	Jølster kommune	1 510 000.-	267 000.-
17	Luster kommune	228 508.-	130 051.-
18	Lærdal kommune	240 000.-	229 500.-

19	Naustdal kommune	750 000.-	350 000.-
20	Selje kommune	525 000.-	360 000.-
21	Sogndal kommune	337 500.-	177 000.-
22	Solund kommune	371 926.-	196 980.-
23	Stryn kommune	180 000.-	0.-
24	Vik kommune	159 000.-	42 000.-
25	Vågsøy kommune	1 200 000.-	0.-
26	Årdal kommune	721 000.-	402 319.-
	SUM	11 920 497.-	5 000 000.-

Vilkår for tildeling:

Tiltak som får løyving av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2016, skal ferdigmeldast 30. november 2016. Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen. Jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».

Fylkesdirektøren for samferdsle sluttar seg til Statens vegvesen si tilråding til tildeling av midlar til trafikktryggingstiltak i kommunar – Tik-midlar 2016.